

# 1 Krafttak for norsk energipolitikk

2 Sterk nasjonal kontroll over energipolitikken har aldri vore viktigare enn i dag. Krig i Europa og  
3 ekstremvær som følge av klimaendringane har skapt store utfordringar for leveringssikkerheita av energi  
4 over heile Europa. Denne situasjonen tydeleggjer behovet for å sikre politisk kontroll over krafta vår.  
5 Norske folkevalde må ha makt over straumeksporten og prioritere utbygging av fornybar energi.

6 Den norske suksessoppskrifta med sterk folkevald styring over energipolitikken, er no under press. I Sør-  
7 Noreg har vi sidan 2021 opplevd å importere høge kraftprisar frå våre naboland. Ei viktig forklaring er at  
8 norske politikarar i praksis ikkje hatt nokon moglegheit til å regulere import og eksport av kraft etter at  
9 Noreg tilslutta seg EUs energimarknadsbyrå ACER. Straumprisane i Noreg vert ikkje lenger regulert av  
10 folkevalde organ, men marknadskrefter i Europa. Senterungdomen ynskjer å ta tilbake folkevald kontroll  
11 over krafteksporten.

12 Noreg er i særstilling som vasskraft-produsent med vår fordelaktige geografi og hydrologiske  
13 kompetanse. Vasskrafta var og det store fortrinnet som gjorde at me kunne bygge ut stålindustri, meieri  
14 og meir frå 1900-talet og utover. Dette fortrinnet har Noreg framleis den dag i dag, og me har store  
15 moglegheiter til å vidareutvikle feltet. I dag er dei fleste vass turbinane 40-50 år gamle, og ikkje i  
16 nærleiken av så effektive som dei nye turbinane som blir produserte i dag. Senterungdommen vil syte  
17 for at den norske vasskrafta blir modernisert og optimalisert slik me utnyttar dei eksisterande anlegg  
18 våre til det fulle.

19 Vi må stadig forhalda oss til nye diskusjonar i møte med kraftutfordringane. Diskusjonen kring den  
20 omstridde produksjonsforma kjernekraft veks fram. På den eine sida, er det ei effektiv produksjonsform  
21 med svært låge CO2-utlepp og lite naturinngrep. På den andre sida har produksjonen vist seg å ikkje  
22 vere risikofri, og det er utfordringar knytt til handtering av avfall. Senterungdommen er positive til forskning  
23 og utvikling av kjernekraft, med intensjon om å utvikle kommersiell drift av kjernekraftverk i Norge.

24 Senterungdommen vil:

- 25 - At Stortinget tek tilbake kontrollen over omsetning av norsk straumproduksjon og eksport med
- 26 andre land
- 27 - Prioritere oppgradering og utvikling av eksisterande vasskraftverk for å auke norsk
- 28 straumproduksjon
- 29 - Utgreie forhalda for kjernekraft i Noreg

30

31 Innsendt av Resolusjonskomiteen